

Sogn og Fjordane FrP
v/fylkesleiar Lars-Svein Drabløs

Utmelding FrP

Eg viser til gjentekne e-mailer til fylkesleiar Lars-Svein Drabløs med kopi til distriktssekretær Øystein Andreassen og til generalsekretær Finn Egil Holm.

Eg har ikkje fått nokon som helst reaksjon frå desse på nokon av mine spørsmål.

Det skuffar meg at eit parti som er oppteken av lov og orden ikkje umakar seg til å svare på mine spørsmål.

At ikke nyvald fylkesleiar Lars-Svein Drabløs ein gong bryr seg med å ta kontakt med meg skuffar meg mykje.

På tross av at «alle» ville halde revisjonsrapporten skjult for medlemmane i Sogn og Fjordane FrP er innhaldet i rapporten no gjort kjend gjennom eit oppslag i Dagbladet.

Rapporten frå Deloitte er svært kritisk til tidlegare fylkesleiar si økonomihandtering.

Dagbladet nyttar ordet «slakt» for å fortelje kor alvorleg revisjonsselskapet ser på økonomihandteringa som har skjedd i Sogn og Fjordane FrP.

I Dagbladet frå 14. mars er følgjande punkt nemnt:

- * Regneskapene har ikkje vært revidert siden 2011.
- * Reiseutgifter er refundert uten reiseregning og kvitteringer.
- * Det har ikke vært noen kontroll med utbetalingene.
- * Store deler av reisebudsjettet og andre utlegg har gått tilbake til fylkesleder Djuvik.
- * Reiseutgifter er ført som utgifter til revisjon (som ikke ble gjennomført).
- * Det ble kjøpt inn en valgkamptilhenger uten faktura.

Eg vil også nemne at fylkesårsmøte måtte utsettjast på grunn av den tidlegare leiaren si lemfeldige haldning til lover og reglar i eige parti og iflg. BI-professor Hans Robert Schwencke også norsk lov. Avtala med revisor er undertekna 6. februar 2015, noko som viser at det ikkje var utført revisjon av fylkeslagets rekneskap før etter at det var utsendt innkalling til første fylkesårsmøte, eit årsmøte som vart avlyst dagen før det skulle haldast.

I note 3 til rekneskapet for 2014 går det fram at fylkeslaget på det tidspunktet har ei gjeld på 399.699,00 utan at det i budsjettet for 2015 er sett av midlar til nedbetaling av denne gjelda.

At ein fylkesleiar utan arbeid forlanger og får refusjon for tapt arbeidsinntekt verkar meir enn merkeleg.

Eg gjentek deler av det eg skreiv i ein tidlegare e-mail, datert 7. mars Eg skjønar etter kvart at innhaldet i rapporten er avslørande for enkelte personar i det tidlegare fylkesstyret og at det er viktigare å prøve å beskytte desse enn å opptre ærleg overfor medlemmane i fylkespartiet. Eg meiner at ei slik haldning hos partiet tillitsfolk er forkasteleg og totalt udemokratisk....

Vi som parti står ikkje til truande om vi tillet slike ulovlegheiter og det vert ikkje betre av at partiet både på fylkesnivå og sentralt prøver å dekkje over det som har skjedd.

Eg reknar meg som ein ærleg politiskar og har gjennom alt mitt politiske arbeid prøvd å gjere det beste for partiet og for veljarane i Sogn og Fjordane.

Så lenge ingen responderer på mine e-mailar eller svarar på dei spørsmåla eg har stilt, må eg ta det som eit tegn på at partiet sentralt ikkje ønskjer å gjere det som etter mitt syn er nødvendig for at vi kan møte veljarane med ei liste med kandidatar det ikkje kan stillast etiske spørsmålsteikn med.

Eg kan ikkje stå i ein fylkesvalkamp og be folk røyste på FrP som eit parti for lov og orden, når eg ikkje kan gå god for vår eigen førstekandidat.

Eg kan heller ikkje vere medlem i eit parti som let att augene for ulovlege handlingar berre fordi desse er utført av eigne sentrale medlemmar.

Eg melder meg derfor ut av Framstegspartiet frå dags dato.

Selje 23.03.2015

Med helsing

Åge Starheim

Kopi sendt: FrP v/generalsekretær Finn Egil Holm